

Et voldsomt angrep på statsminister Nygaardsvold.

Major Sagen har gitt ut en ny bok om „Statsminister Nygaardsvold - statsmann, strateg og lagabøter“.

Major Einar Sagen, som så mange ganger har vakt oppmerksomhet ved sin åpne tale, har nettopp gitt ut en ny liten bok med tittelen «Statsminister Nygaardsvold - statsmann, strateg og lagabøter». Major Sagen kommer i denne boken med en voldsom kritikk mot statsminister Nygaardsvold og den ansvarsløse politikken han stod som leder for før krigen. Vi gjengir nedenfor bokens første kapittel om «Ansaret» i forfatterens rettskrivning:

Statsminister Nygaardsvold hev skrive eit myrkt blad i Noregs saga, det svarteste blad som heile saga vår kan minnst. For det er han som ber det tunge andsvar for krigen, og gjenom denne for nazisma, denne kjempelukka som er ei frukt av krigen, og som gjenom lange tider kjem til å setja djupe spor i samfundet og påføra folket namnlause lidningar — 100,000 heimar.

Det var Nygaardsvold som var ministerchef i 1940. Han kann difor inkje skulda andsvaret frå seg og velta det

nedover på sine underordna. Eit andsvar let seg inkje dela. Dette er ei grunnsetning, som uavkorta vert hævda i det militære. Utan dette vilde alt vårt styr og stell glida ut i den reine andsvarsløyss.

Det er minst 4 hovudankemål, eg som officer iyt reisa mot statsminister Nygaardsvold, og haas styre.

1. Til forsvarsminister kunde han bruka reine antimilitaristar. Det var til sorg for folk og fedreland, her og flote, for officerskorpset. Statsråd Monsen sagde beint fram på eit arbeidarpartimøte: «Det har alltid været arbeidarpartiets program, at det borgerlige forsvar skal ubrukbargjøres!» Og denne mannen, han kunde Nygaardsvold gjera til forsvarsminister. Og det var kannhende denne fråsegn, som gjorde han til rette mannen i eit arbeidarpartiministerium. Han drog 18,000 kronør i løn or rikskassa for å ubrukbargjøre Noregs forsvar.

Og forsvarsminister Torp vart 6-2-24 dømd til 5 månader fengsel for militær oppvigling. Like vel so vart han forsvarsminister. Slikt kunde berre ha

hendt i eit land som Noreg. Stort lenger kann vel inkje galskapen og svindelen driva det.

2. Gjenom helle si ministertid hev Nygaardsvold systematisk forsmøt Norges forsvar. Han hev vanta viljen til å reisa ei vern som dugde. Øvings-tidi kom aldri over 84 dagar, som han visste måtte liggja langt under det til-latelege europeiske lågmål. Det heile var upplagd svindel. Ja eg sagde svindel!!

3. Enno eit par månader fyre krigen sette Nygaardsvold seg imot, at Noreg skulde få ei skikkeleg spionlog. Ei slik log vilde ha gjeve politiet kraftige våpen i hende til å ganga spionane kvasst inn på livet. Me skulde havt dei beste voner um å få tak i dei tyske innfallsplanane. Og kannhenda då — enda ein Nygaardsvold kunde ha kome seg til å mobilisera, medan det enno var tid. Men dessverre han forstod ingen ting av heile spionlogi.

4. Statsminister Nygaardsvold mobilisera alt for seint. Sverig og Schweiz mobilisera momentant med same krigen braut ut millom Tyskland og England. Men i desse landi sat det kloke, framsynte menn ved riksens ror — ingen Nygaardsvoldar. Me kunde havt enda betre grunn til å ferdabu straks, for di forsvaret vårt var so mykje klenare. Men Nygaardsvold forstod ingen ting.

Den norske radloen sang ut kvar morgon: «Gud signe vårt dyre fedreland». Folket sat i angst og otte og skalv i dei 100,000 heimar. Men Nygaardsvold var «den brede trygghet». — Han forstod absolut ingen ting, fyrr

fienden var komen inn i landet og han sjelv jaga ut or byen og nordover. Og der sat han på ein krakk og vreid hendene sine: «Nei, dette hadde je no aldri trudd». Og dette hadde han visst inkje heller. Det var jo det, som var hans og vår ulukke.

Han visste eller burde vita, at eit norsk regiment måtte ha 5 — fem — dagar til å ferdabu og at sjefestru-gane trong like so lang tid til å få mlner i sjøen. Og like vel sende han heimatt mannskapet som skulde hand-høva dei svære kanonene og leggja ut mlner.

Nygaardsvold høyrd saman med oss andre kanonbraket utanfor norske strender, ute i Skagerak og Nordsjøen. Det lyddeest langt inn over land. Han visste, at krigen i våre dagar kom brått. Og endå gjorde han ingen ting. Hans forstand stod stille.

Hans tid var fyrst komi, då fienden var komen i land. Då fyrst sende han ut ferdabod. Men då var det for seint. Og han sende Noregs ungdom ut til nyttelaus nedslakting på sneklædde slagmarkar. Dei møtte mannjamnt og bar fram blodofret for Nygaardsvolds synder mot fedrelandet. Dei gjorde sin skyldnad etter beste evne i motsetning til ministerchefen, som ingen ting forstod.

Det burde sjølvsagt ha vore hans skyldnad å ferdabu straks krigen braut ut millom England og Tyskland, soleis som me gjorde i 1914. Når det brenn i huset hjå grannen plar det vera fåre for eget hus. Men i 1914 sat dei klokare menn for landsens styr og stell enn i 1940.

Men endå um han hadde venta til han høyrd det fyrste kanonbraket ute i sjøen, vilde dette ha vore tids nok. For tyskarane kunde av tekniske grunnar berre setja inn små styrkar, berre so mykje som dei kunde lura inn i havnene under dekket av sine «handelskip». Men Nygaardsvold forstod absolut ingen ting og gjorde absolut ingen ting. Han sat der handfallen.

Enno i lite timen kunde Nygaardsvold ha berga fedrelandet. Men hans forstand stod nok heilt stille. For han forstod ingen ting, fyrr det var for seint og han sjelv hadde ramla utfor. Eller som eg skreiv i den fyrrte boki ml: «No skal du sjå, sagde sogningen, han datt ned frå kyrkjetaket».

Um Nygaardsvold hadde ferdabudd forsvaret i tide, er det heilt utenkjeleg, at tyskarane vilde ha gjort nokon freistnad. Dei vilde aldri ha våga nokor landsetjing frå ein lang tarm av ein transportflote med norske sjefestningar og ein norsk landher i fronten og den engelske floten i rygg og vinstre flanke. Me skulde havt fred og spara nokre milliardar. Inkje noko land var so lett å verja mot eit tysk innfalt som Noreg. Nygaardsvold vart sitt fedreland ein dyr mann — dyrare enn nokon annan nordmann. — Einaste trøysti er, at han gjorde det so godt som han kunde og hadde forstand til. Det var nok inkje med hans gode vilje, at det gjekk so ille som det gjorde. Han hev nok havt sine tunge stunder Nygaardsvold stakkar, som den gong han sat på krakken og vreid sine hender i ørvæna. Men det er mager trøy-st for oss.

Dette, at Noreg kunde ha verja seg, er inkje eit påstand, som eg grip ut or lause lufti. Det er i samhøve med vitneprov frå sjelve general Keitel, chefen for Wehrmacht. På spursmål um norsk mobilisering vilde ha gjort innfallet i Noreg umogeleg eller vanskeleg svara han, at «um dei norske troppane i rett tid hadde vore på dei rette stadene, vilde dei ha lagt dei største vanskar i vegen for innfallet».

Sterkare ord kunde inkje chefen for Wehrmacht bruka. Han laut jo hævda, at ingen ting var umogeleg for Wehrmacht.

Som nemnt i den fyrrte boki ml, so krev eg inkje straff over ministeriet. Ingen kann jo leggja ein alen til sin vokster. Nygaardsvold hadde visseleg den beste vilje til å gjera alt samen til beste for fedrelandet. Men han forstod jo ingen ting av det heile fyrr det var for seint. Dette er hans store tragedie og vår eigi.

Det vilde vera urett å krevja straff. Og eg hev ingi true på straff, som heile denne boki viser. Tidi er no komi til den store forsoning og tilgjeving både av store og små syndarar. Tidi er komi til å sambrodrast som nordmenn.

Det eg vilde med denne boki var berre å segja statsministeren eit sanningsord og tortelja folket, kven som ber det tunge andsvar for krigen og for nazisma som fylgde krigen. Det heitest, at Nygaardsvold og Torp no skal ha lært. Og det kann så vera. Men denne lærdomen hev kosta folket milliarder. Ein dyr skule.

Adm. arkiv 30.7.116

104308